

## Vedtekter for Stord Fjellsameige

§1. Stord Fjellsameige sitt føremål er å samla medeigarane til utnytting av sameiga som næring slik:

1. Beite
2. Jakt
3. Fiske
4. Turisme
5. Andre tiltak i fjellsameige

§2 Stord Fjellsameige representerer medeigarane til det areal som er fastsett i jordskiftesak 1221-2003-0002 Stord Fjellsameiga, samt saksnummer 09-098667 ASD-GULA/AVD1 frå Gulating lagmannsrett og det areal der Sameiga har beiterettar.

§3. Medeigarane skal betala årskontingent etter nærare fastsetjing av årsmøtet. For å fre mja sameiget sitt føremål kan sameiget slutta seg til distriktslag, fylkeslag , eller anna samarbeidsorgan for større område.

§4. På årsmøtet kan ein gjera vedtak om at medeigarane skal ta del i anlegg, vedlikehald og drift av dei felles tiltaka som er naudsynte for ein planmessig ordna bruk av området. Dei midlar som trengst for å gjennomføra tiltaka, vert likna ut på medlemmane etter deira part i sameiget. Om ein eller fleire av medeigarane finn at han ikkje vil ta del i slike utloger, kan styret fritta han for det. Den eller dei medeigarane skal då ha ein tilsvarande mindre del av utbyttet.( jm fr.§7 ). Kor mykje mindre utbytte vedkommande skal ha, fastset styret ved skjønn. Om ein finn det meir høveleg kan utgiftene og gå på det ordinære budsjettet til sameiget. Det kan og startast særskilde lag til å ta seg av spesielle felles tiltak.

§5. Til å leia sameiget sitt arbeid i samsvar med desse vedtektene og årsmøtet sine vedtak, vel medeigarane seg imellom eit styre på fem medlemmar med to vararepresentantar. Vala gjeld for to år om gangen. Styreleiaren vert vald av årsmøtet. Det skal vere ei valnemd på 3 personar.

Styret skal mellom anna:

- A. Arbeide for utnytting av sameiget etter §1
- B. Halde seg underretta om eventuell planlegging i området frå styresmaktene si side, og på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg ta kontakt med vedkommande styresmakter og aktivt halde grunneigarane sine interesser fram i planlegginga.
- C. Arbeida ut framlegg til sameiget sine eigne reguleringsvedtekter, disposisjonsplaner for sameiget og normalkontrakter for bortfeste av hyttetufter.
- D. Fungera som godkjenningssmynde på vegne av laget for bygg som vert melde i samsvar med sameiget sine eigne reguleringsvedtekter.
- E. Arbeide for gjennomføring av vedtekne fellestiltak, så som bygging av tilkomstvegar, parkeringsplassar, skiheisar, framføring av straum m.v.
- F. Ta initiativ til å ordna og utnyttta jakt- og fiskerettar innan sameiget sitt område.

- G. Leggja fram forslag for årsmøtet om disponering av overskotet etter at 10% er avsett til driftsfond.

Styret gjer sine vedtak med vanleg fleirtal av dei frammøtte. Ved stemmelikhet har leiar dobbeltstemme. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar møter. Det skal førast protokoll over forhandlingane i styret.

§6. Årsmøtet er det høgaste mynde i sameige. Ordinært årsmøte skal haldast ein gong kvart år. Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret finn det naudsynt eller minst 1/5-del av medeigarane krev det. Berre medeigarane har rett til å møte på årsmøtet, og kan møta med fullmakt frå anna medeigar.

Årsmøtet vert kalla inn av styreleiar. Innkalling ved lysing i lokalpressa. Årsmøtet skal haldast innan 1.april. Saker som medlemmane ynskjer skal takast med på sakslista, må vera komne inn til styret seinast 1 veke før årsmøtet vert halde. Årsmøtet gjer sine vedtak med vanleg fleirtal av dei som møter. På årsmøtet har kvar sameigar stemmerett i samsvar med sameigelova. ( jmf. §§4-7 i Sameigelova.)

Årsmøtet skal mellom anna:

- A. Velja to representantar til å skriva under protokollen.
- B. Handsama årsmeldinga og rekneskapen frå styret.
- C. Handsama budsjettframlegg- her under fastsetja medlemskontigent.
- D. Handsama planar. ( jmf. §5.)
- E. Vedta normalkontraktar
- F. Gjera vedtak om bruken av overskotet, etter at 10% er sett av til driftsfond.
- G. Ta avgjerd om å påleggja medeigarane å ta del i sams tiltak. ( jmf. §4. )
- H. Handsama saker av sams interesse, eller andre saker som styret vil ta opp.
- I. Velja for to år om gongen, det antal styremedlemmer med vararepresentantar som står på val. To medlemmar og ein vararepresentantar går ut ved loddtrekning etter fyrste året.
- J. Velja revisor.

Berre saker som står på sakslista kan avgjerast med bindande verknad. Det skal førast protokoll over årsmøteforhandlingane.

§7, For delinga av utbyttet gjeld reglane i sameigelova. ( jmf. §9.)

§8. Styret kan gjeva styreleiaren eller andre i styret prokura.

§9. Tvister mellom laget og medlemmane eller mellom medlemmane seg immellom, om desse vedtektene, skal avgjerast av ei voldgitsnemd på tre medlemmar. Medlemmane vert oppnemde av sorenskrivaren.

§10. Utover det som fylgjer av desse vedtektene gjeld sameigelova.